



Kulturdepartementet

Vår ref. 14/336 - 14/5708	Sakshandsamar Magne Fylling, 70244190	Dykkar ref.	Arkiv L32	Dato 01.09.2014
-------------------------------------	---	--------------------	---------------------	---------------------------

Høyringsuttale til endringar i Stadnamnlova

Viser til høyringsbrev dat 02.06.14 der de ber om merknader til forslaga til endringar i Stadnamnlova.

Formannskapet i Skodje kommune hadde saka til behandling 26.08.14, og gjorde slikt vedtak i sak 63/14 :

Skodje formannskap er kjent med forslag til ny stadnamnlov, og vil gje slik høyringsuttale:

«Skodje kommune viser til Kulturdepartementet sitt høyringsbrev dat 02.06.14 om endringar i stadnamnlova.

Skodje kommune registrerer at departementet føreslår å endre lova slik at eigaren av eit gardsbruk får rett til å bestemme skrivemåten av bruksnamnet for nye bruk. For eksisterande bruk er det opna for namneendring dersom det kan dokumenterast at ønska namn er brukt i offentlege dokument.

Skodje kommune støttar denne lovendringa under føresetnad av at kulturminneomsynet i stadnamnlova ikkje blir truga.

Skodje kommune ser vidare positivt på at departementet har gått igjennom fleire føresegner i lova og føreslår språklege og innhaldsmessige endringar som skal gjere lova lettare å forstå og tydeleggjere kva det er ved stadnamna som har krav på vern».

Med helsing

Magne Fylling
kultursjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ikkje signatur.